

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 4

Saksbehandlar/telefon:
Bjarte H. Tangenes / 412 816 15
Vår dato: 20.02.2025

Sak 23/25 Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering

Bakgrunn for saka

På bakgrunn av vedtak i sak 76/24 i styringsgruppa «Innfartsparkering i byvekstområdet» har det vorte oppretta ei arbeidsgruppe for innfartsparkering.

Vedtak i styringsgruppa:

*«Styringsgruppa sluttar seg til at det blir oppretta ei arbeidsgruppe som vist i saka.
Styringsgruppa tek orientering om status og aktuelle saker til orientering.»*

I saka vart det vist til tematikk som arbeidsgruppa skal sjå på, men det var ikkje lagt fram eit fullstendig mandat. Det vart difor vedteke at den fyrste leveransen til gruppa skulle vere forslag til eige mandat.

Føremålet med arbeidet er å styrke samordninga og få ei meir heilskapleg tilnærming til innfartsparkering innanfor rammene i gjeldande strategi. Det er ikkje ønskt å gjenopne diskusjon om innfartsparkering som verkemiddel.

Mandatet som vert lagt fram i denne saka er utarbeidd av arbeidsgruppa.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til mandatet slik det er lagt fram, og at arbeidsgruppa legg det til grunn for sitt vidare arbeid.

Mandat for arbeidsgruppe for innfartsparkering

Innholdsliste

1.	Bakgrunn.....	3
1.1.	Føremål med arbeidet.....	3
1.2.	Avgrensing mot dagens strategi.....	3
2.	Mål.....	4
2.1.	Leveransar	4
3.	Omfang av arbeidet	4
3.1.	Ta forvaltninga av innfartsparkering inn i Miljøløftet-organiseringa.....	4
3.2.	Definisjon av innfartsparkering	4
3.3.	Prinsipp for innfartsparkering.....	4
3.3.1.	Parkeringskontroll	4
3.3.2.	Tilbudsstandard	5
3.3.3.	Marknadsføring	5
3.3.4.	Tilknytingsform	5
3.4.	Betalingsløsingar..... Feil! Bokmerke er ikke definert.	
3.5.	Oversikt over innfartsparkeringsplassar	5
4.	Organisering av arbeidsgruppa	5
4.1.	Deltakarar	5
4.2.	Roller, ansvar og deltaking	5
4.3.	Avgjersleprosess	6
5.	Sentrale datoar og framdriftsplan	6

1. Bakgrunn

Gjennom vedtak i sak 76/24 «Innfartsparkering i byvekstområdet» i styringsgruppa for Miljøløftet har det blitt vedteke å opprette ei arbeidsgruppe for vidareutvikling av arbeidet med innfartsparkering hos partane i Miljøløftet.

«Strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022-2029» ligg til grunn for arbeidet, og ein søker å finne løysingar og klargjeringar innafør rammene etablert av strategien.

Frå sak:

«Vestland fylkeskommune meiner det bør bli nedsett ei arbeidsgruppe for innfartsparkering som skal ta forvaltninga inn i Miljøløftet-organiseringa

Bakgrunn for opprettinga av arbeidsgruppe for innfartsparkering er at erfaringane etter eit par år med felles strategi syner at det er trong for å styrke samordninga ytterlegare slik at strategi og praksis harmoniserer betre.»

I saka vart det vidare lagt fram innleiande punkt arbeidsgruppa skal svare ut:

- Samla definisjon for innfartsparkering i byvekstområdet som er meir spissa enn dagens definisjon
- Felles offisiell liste av kva anlegg som skal reknast som innfartsparkeringsanlegg av Miljøløftet – inklusive driftsansvarleg og status
- Prinsipp for parkeringskontroll, tilbodsstandard, marknadsføring og anna
- Fordeling av oppgåver, ansvar og mynde blant dei ulike avtalepartane

Vedtak i styringsgruppa:

«Styringsgruppa sluttar seg til at det blir oppretta ei arbeidsgruppe som vist i saka.»

Mandatet tek utgangspunkt i denne bestillinga. Arbeidet skal kunne bli nytta i samband med reforhandling av byvekstavtalen.

1.1. Føremål med arbeidet

Føremålet med arbeidet er

- å styrke samordning og kommunikasjon blant Miljøløftet-partane innanfor rammene definert i vedteken strategi
- å sikre ei meir heilskapleg tilnærming til innfartsparkering i byvekstområdet
- å vurdere korleis ein kan ta forvaltninga inn i Miljøløftet-organiseringa
- å leggje fram forslag til kva Miljøløftet bør meine om utvalde tema innanfor innfartsparkering

1.2. Avgrensing mot dagens strategi

Arbeidet skal gå føre seg innanfor dagens rammar. Ferdig leveranse vil vere eit tilleggsnotat til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022-2029», og arbeidet opnar ikkje for revisjon av strategien i denne omgang.

Dersom aktuelt, kan arbeidsgruppa tilrå at eventuelle uklårheiter eller andre problemstillingar i dagens strategi blir revidert ved eit seinare høve.

2. Mål

2.1. Leveransar

Arbeidet skal resultere i følgjande leveransar:

- Ein meir spissa definisjon for kva innfartsparkering er, og kva det inneber at ein parkering blir rekna som innfartsparkering
- Ei offisiell liste over kva anlegg som blir rekna som innfartsparkering av Miljøløftet
- Tilrådingar for kva Miljøløftet si haldning til kvart av punkta skildra i kapittel 3 «*Omfang av arbeidet*» bør vere
- Etablere prosessar på område som stiller særlege krav til samhandling mellom partane, og såleis ta forvaltninga av oppgåvefeltet inn i Miljøløftet-organiseringa
- Eventuelle vurderingar knytt til framtidig revisjon av strategi

Leveransane skal bli samla i eit tilleggsnotat til «*Strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022-2029*».

3. Omfang av arbeidet

Dette kapittelet skildrar arbeidet arbeidsgruppa skal gjennomføre.

3.1. Ta forvaltninga av innfartsparkering inn i Miljøløftet-organiseringa

Arbeidsgruppa skal søkje å avklare forventningar til kva det inneber å ta forvaltning av det overordna og strategiske ansvaret for innfartsparkering inn i Miljøløftet-organiseringa, og korleis ein eventuelt skal rigge seg for å for å oppnå dette. Avgjersleprosessar, roller, ansvar, mynde og mekanismar for kunnskaps- og informasjonsdeling kan vere aktuelt å sjå på.

3.2. Definisjon av innfartsparkering

Arbeidsgruppa skal søkje å etablere ein felles definisjon for innfartsparkering i byvekstområdet. Denne skal vere meir avgrensa enn definisjonen i vedteken strategi, og vil fungere som utgangspunkt for felles oversikt over parkeringsplassar.

3.3. Prinsipp for innfartsparkering

Arbeidsgruppa skal søkje å styrkje arbeidet med innfartsparkering gjennom å tilrå felles prinsipp. Prinsippa skal bli nytta i seinare avgjersleprosessar, og vere rettleiande for Miljøløftet si haldning til dei ulike temaa. Arbeidsgruppa skal foreslå prinsipp innafor følgjande område:

3.3.1. Parkeringskontroll

Arbeidsgruppa skal foreslå prinsipp for parkeringskontroll som er rettleiande for kva type innfartsparkering ein innfører parkeringskontroll ved. Faktorar som belegg, lokasjon, hyppigheit og risiko for framandparkering kan påverke om det er føremålstenleg å ha parkeringskontroll ved eit gitt anlegg. Arbeidsgruppa må vere tydeleg på skilnaden mellom parkeringskontroll og brukarbetaling.

3.3.2. Tilbudsstandard

Arbeidsgruppa skal foreslå prinsipp for kva tilbod brukarane kan vente ved ein innfartsparkering, og i kva grad ein bør differensiere dette tilbodet basert på eigenskapar ved dei ulike innfartsparkeringane.

3.3.3. Marknadsføring

Arbeidsgruppa skal foreslå prinsipp for marknadsføring av innfartsparkeringstilbodet. Prinsippa skal ta utgangspunkt i kva tiltak ein kan gjere for å styrke marknadsføringa av innfartsparkering som tilbod, og fungere rettleiande for korleis ein marknadsfører tilbodet i framtida.

3.3.4. Tilknytingsform

Arbeidsgruppa skal foreslå prinsipp for om partane i Miljøløftet i hovudsak skal eige eller leige areal for innfartsparkering.

3.4. Billettypar

Der det er parkeringskontroll må ein i dag ha gyldig periodebillett på 7 dagar eller meir for å ha gyldig parkering. Arbeidsgruppa skal gje ei tilråding til om ein bør opne for at fleire billettypar kan gje lovleg parkering.

3.5. Oversikt over innfartsparkeringsplassar

Arbeidsgruppa skal etablere ei felles offisiell liste av kva anlegg som skal reknast som innfartsparkeringsanlegg av Miljøløftet – inkludert driftsansvarleg og status. Det må vidare vere klart korleis ein syter for at lista er kontinuerleg oppdatert og tilgjengeleg.

4. Organisering av arbeidsgruppa

4.1. Deltakarar

Arbeidsgruppa består av representantar frå følgjande partar i Miljøløftet:

- Alver kommune
- Askøy kommune
- Bergen kommune
- Bjørnafjorden kommune
- Øygarden kommune
- Vestland fylkeskommune
- Bane NOR – representerer Jernbanedirektoratet
- Statens vegvesen

Vestland fylkeskommune leiar gruppa.

4.2. Roller, ansvar og deltaking

Det er venta at kvart medlem i arbeidsgruppa deltar aktivt i møta, og representerer sin organisasjon ved å søkje avklaringar internt i forkant av møta der råd er.

4.3. Avgjersleprosess

Arbeidsgruppa søker å oppnå konsensus for sine tilrådingar innafør kvart tema.

5. Sentrale datoar og framdriftsplan

I saka heiter det at arbeidsgruppa skal levere eit forslag til handsaming i styringsgruppa for Miljøløftet i andre kvartal i 2025. Styringsgruppa har møte 13.06. Saka bør handsamast i prioriteringsrådet før handsaming i styringsgruppa. Prioriteringsrådet har møte 03.06.

Frist for innmelding av saker til prioriteringsrådet vil difor utgjere dei ytre rammene for arbeidet. Fristen er ultimo mai.

Frist i slutten av mai gir følgjande framdriftsplan, med arbeid mellom kvart møte:

Aktivitet	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Oppstartmøte						
Arbeidsmøte 1						
Frist - forslag til mandat						
Handsaming av mandat i Miljøløftet						
Arbeidsmøte 2						
Arbeidsmøte 3						
Sluttmøte						
Frist - leveranse til prioriteringsrådet						
Endeleg handsaming i Miljøløftet						

Tabell 1: Framdriftsplan for arbeidet